



Villreinutvalet for Nordfjella

SAMJAKTAVTALE

mellom

FJELLSTYRA og private jaktfelt i Nordfjella villreinområde

Mellom fjellstyra i Hemsedal, Ål, Hol, Aurland, Lærdal og Ulvik er det inngått slik SAMJAKTAVTALE for villreinjakta i Nordfjella villreinområde for åra 2010-2012.

Avtalen kan utvidast til også å gjelda for private jaktfelt, som ved feltansvarleg si underskrift aksepterer dei rettar og plikter som er nedfelt i avtalen.

Avtalen gjeld for jegerar som har fått utsteda kontrollkort for dei statsallmenningar og kommunale eigedomar som dei nemnde fjellstyra har forvaltingsansvar for, innan Nordfjella villreinområde. Avtalen gjeld og for jegerar som har fått utsteda kontrollkort for private jaktfelt som er med i avtalen.

Samjaktavtalen omfattar ikkje kontrollkort som er utsteda til jaktfelt som ikkje har slutta seg til avtalen innan den gjeldande fristen.

AVTALEN gjeld f.o.m. 06.09. og ut jakta kvart år :

1. Denne avtalen gjeld f.o.m. **måndag t.o.m. fredag** i kvar einskild veke i jaktperioden. I denne perioden er det full samjakt mellom allmenningar, kommunale eigedomar og private felt som vert omfatta av avtalen. Jfr. elles punkta 2-5 nedanfor
2. Jegerar som nyttar seg av denne avtalen plikter å syna ”god jegerskikk” og ta omsyn til andre jegerar i området, og ikkje øydeleggja for pågåande jakt. Dersom det er mogeleg, bør jegeren gje seg til kjenne på jaksambandet, eller på annan eigna måte.
3. Jegerar som nyttar denne samjaktavtalen pliktar å ha med seg valdkartet for Nordfjella og vera godt orientert om aktuelle jaktfeltgrenser.
4. Brot på reglane i avtalen vert rekna som ulovleg jakt, og jegeren vil bli meld og kan bli straffa.
5. Dersom alle avtalepartar (fjellstyra) er samde, kan avtalen justerast for kvart år. Dersom nokon av partane ynskjer å melda seg ut av avtalen, må utmeldinga skje innan den **15. april** i det året utmeldinga skal vera gyldig frå. Same dato gjeld og for innmelding i avtalen, for at avtalen skal vera gyldig komande jakt.

Hemsedal, den ¹⁰/.....-2010	<i>[Handwritten signature]</i>	for Hemsedal fjellstyre	tlf: 950 46 340
Ål, den/.....-2010	<i>[Handwritten signature]</i>	for Ål fjellstyre	tlf: 992 95 152
Geilo, den ¹⁰/.....-2010	<i>[Handwritten signature]</i>	for Hol fjellstyre	tlf: 419 01 450
Aurland, den ¹⁴/.....-2010	<i>[Handwritten signature]</i>	for Aurland fjellstyre	tlf: 900 48 796
Lærdal, den ¹⁴/.....-2010	<i>[Handwritten signature]</i>	for Lærdal fjellstyre	tlf: 917 29 995 915 22 455
Ulvik, den ¹⁰/.....-2010	<i>[Handwritten signature]</i>	for Ulvik fjellstyre	tlf: 975 92 980 <i>95522</i>

Oppsynsleiers tlf: 995 67 650

Følgjande private jaktfelt i NF sluttar seg fullt og heilt til ovannemnde gjensidige avtale :
(Påfør NF-felt nummer, dato, ansvarleg underskrift og aktuell kontakttelefon)

Hemsedal:	NF 1	<u>ALLE FELT.</u>
	NF 1	_____
Ål:	NF 2	<u>202, 203, 204, 205, 206, 207, 209, 215, 216, 217,</u>
	NF 2	<u>222, 223, 227, 228, 230, 231, 232.</u>
	NF 2	_____
	NF 2	_____
	NF 2	_____
	NF 2	_____
Hol:	NF 3	<u>ALLE FELT, UTANOM 304B og 357.</u>
	NF 3	_____
	NF 3	_____
	NF 3	_____
	NF 3	_____
	NF 3	_____
Aurland:	NF 4	<u>403, 404, 405, 408, 416, 419, 453, 454, 457, 460, 464 og 413.</u>
	NF 4	_____
	NF 4	_____
	NF 4	_____
Lærdal:	NF 5	<u>508, 509, 522, 527, 528, 529.</u>
	NF 5	_____
	NF 5	_____
	NF 5	_____
	NF 5	_____
Ulvik:	NF 6	_____
	NF 6	_____